



## Notat

Dato: 05.03.2014  
Arkivsak: 2014/240-2  
Saksbehandlar: rolrose

---

**Til:** Samferdselsutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Transaksjonskostnader - svar på oversendingsforslag

På møte i samferdselsutvalet den 23. oktober 2013 sette representanten Tom Skauge **(SV)** fram fylgjande oversending:

*Regjeringa har varsla gjennomgang av byråkratiet for å få ned unødvendige kostnader til byråkrati. Vil fylkesrådmannen fremja forslag om at fylkestinget gjer råd til Regjeringa om også å vurdere transaksjonskostnadar som kjem frå anbudsregima innan samferdsle?*

Transaksjonskostnader kan definerast som kostnader ein vert påført i samband med gjennomføringen av ein avtale. I dette høve utlysing og tildeling av anbudskontraktar i kollektivtrafikken.

Gjeldane lov og forskrift set krav om at det skal nyttast konkurranse når det vert gjeve godtgjersle eller einerett ved tildeling av løyve.

Transaksjonskostnadane utgjer ein svært liten del av dei totale kostnadane ved å drifta kollektivsystemet i fylket. Transaksjonskostnader vil ein ha ved alle typar avtalar der ein set ut drifta til andre.

Fylkesrådmannen har tillit til at regjeringa på eiga hand vil finna fram til område som ein vil sjå nærare på i arbeidet med å redusera byråkratiet, og finn det såleis ikkje rett å fremja eit eige forslag om dette.

